



**Notat**

Dato: 14.10.2015  
Arkivsak: 2014/18737-31  
Saksbehandlar: gunradd

---

Til: Styringsgruppa i Bergensprogrammet

---

Frå: Gunhild Raddum

---

## **Europeisk mobilitetsveke (EMU) - evaluering av 2015 og tankar om 2016**

### Bakgrunn:

EMU er initiert av EU og blir markert årleg frå 16. – 22. september. Målet er å få lokale myndigheter til å sette luftkvalitet og miljøvennlege reiser på dagsorden. Det er tre krav for deltaking i EMU, der minst eit må vere oppfylt:

- Den 22. september vert deltakarane oppfordra til å arrangere «bilfri dag», noko som inneber at heile eller deler av bysentra vert stengt for privatbilar.
- Det skal gjennomførast eit permanent tiltak der gateareal blir omdisponert til fordel for kollektivtransport, sykkel og gåing,
- Gjennomføring av aktiviteter knytt opp mot årets slagord. Slagordet for EMU 2015 var «Velg rett reisemix».

Deltakarar som forpliktar seg til alle tre kriteriene får status som «Gulldeltakar», og kvalifiserer seg dermed for å kunne søke om en spesiell pris som er oppretta for EMU. Ein deltakar som tilfredsstiller eit eller to av kriteriene får status som «Deltakar».

I 2015 deltok 1864 europeiske byar, og 905 av desse markerte «bilfri dag». En del gjer dette på andre dagar enn den 22.09. Bergen var ein av totalt 20 norske byer som markerte EMU. Planlegging, gjennomføring og finansiering av veka skjer i eit samarbeid mellom partane i Bergensprogrammet. Fylkeskommunen har sidan 2012 hatt eit koordineringsansvar.

## **EMU 2015**

Gjennomføringa av EMU har dei siste åra hatt ein kostnadsramme på 600 000.- eks moms. Årets budsjett har og halde seg til denne ramma.

Prosjektgruppa har bestått av representantar frå kommunen, fylkeskommunen/Skyss og Statens vegvesen. I tillegg har Naturvernforbundet bidrige med ressursar, særleg gjennom deira satsing på el-sykkel og prosjektet «Prøvekjøre el-sykkel». Andre viktige samarbeidspartnarar har vore Bergen arkitekthøgskole (BAS), Hordaland kunstsenter, Gategym, Bildeleringen, bærekraftig liv på Nordnes, Nobel Bopel mm. For

prosjektgruppa har slik oppslutning rundt makeringa vore viktig då det er eit mål at Mobilitetsveka utviklar seg til å bli ei markering fleire kan vere med å promotere.

I år starta EMU 2 dagar etter lokalvalet, og det var difor avgrensa deltaking frå politisk nivå, både i media og på ulike arrangement.

Mobilitetsveka fekk følgjande mediadekning:

- **Måndag 14.09.** Intervju med Gunhild Raddum (HFK) i BA, om veka generelt og planlagde arrangement i Bergen.
- **Onsdag 16.09.** Innslag på NRK Hordaland sin morgonsending med Ingrid Dreyer (Skyss). Tema var korleis ein kunne legge om reisevanane sine og litt om innhaldet i Mobilitetsveka.
- **Torsdag 17.09.** Intervju med Lars Ove Kvalbein (kommunen) på NRK Hordaland sin morgonsending. Lyttarane fekk høre om bildeleringen, samkjøring og delekulturne som er i frammarsj.
- **Laurdag 18.09.** Oppslag i BT frå fredagens «Kollektiv dag» og «Park(ing) day». Avisa var med Skyss på twist-utdeling til busspassasjerar, og intervjuet Naturvernforbundet som rulla ut gras ved rådhuset i anledning Park(ing) Day.
- Mobilitetsveka og særskilt «Bilfri dag», vart omtala på nett og i avisene til Bergen sentrumsforeining i samband med byLØRDAG 19.09.

Sosial mediar har dei siste åra spela ein viktig rolle for å profilere veka. Mobilitetsveka i Bergen har sin eigen Facebook side, og her finn ein en rekke bileter frå dei ulike arrangementa. Sida har 400 likar-klikk. Skyss nådde ut til 30 - 40 000 brukarar med innlegget om Twistutdeling, og 400 engasjerte seg og sendte inn forslag til kva bussavgangar som burde oppsøkast denne dagen.

### Kort oppsummering av veka:

Frå den 14. til 20. september var samkjøring profilert på kino, både på kinoen sin nettside og på lerret. På Bergen kino og Sartor kino ble det vist to filmsnuttar der bodskapen er å utnytte ledig setekapasitet før samlede filmar.

Sjølv veka starta onsdag **16.09 med** stand tre stader i sentrum (Fløyenstien/ADO, Puddefjordsbroen og musikkpaviljongen). Her kunne dei gåande og syklande få med seg frukt og diverse «giwe-aways», samt informasjon om Mobilitetsveka. Arrangementet ble godt motteke av dei forbi passerande.

Om ettermiddagen var det invitert til gratis sykkelservice ved 3 kjøpesentre mellom kl 14-18. Ved Åsane storsenter og Oasen senter var besøket moderat, mens tilbodet ved Sletten senter vart nytta av mange, særleg barn og unge.

**Torsdag 17.09** var fokus retta mot multimodalitet og kombinasjon av ulike reisealternativ. Løysingar innan ITS står sentralt for å kunne tilby dei reisande smarte og samanhengande reisemåtar. I Helsinki vil dei ta i bruk digitale løysingar der brukarane abonnerer på ein app som gjer det mogleg å velje det reisealternativet (buss, taxi, buss, samkjøring, bisykkel) som passer best der og då. Fokus er «å ha tilgang til» framfor å eie. Slik skal dei som ikkje eig eigen bil enkelt kunne ta seg fram i Helsinki i framtida. Vi inviterte Sami Sahala frå Forum Virium Helsinki for å fortelle meir om prosjektet. Foredraget var opent for alle, og kring 40 personar fann vegn til Litteraturhuset denne kvelden. Etter innlegget var det duka for samtale mellom byråd Henning Warloe og Sami Sahala kring arbeidet med å få biler ut av bykjernen. Det var også mogleg for publikum å kome med kommentarar og spørsmål.

**Fredag 18.06** var via kollektivreiser og markeringa av den internasjonale «Park(ing) day». Frå morgonen av var Skyss ute på tilfeldig valte bussruter og delte ut twist og informasjon om Mobilitetsveka til dei reisande. Totalt ble 500 poser delt ut og dette var ein populær overrasking for busspassasjerane.

Samstundes ble det rulla ut gras på fleire parkeringsplasser, og plassane vart fylt med ulike aktiviteter. Mange aktørar var med å skape «liv og røre» rundt i byen. Til dømes kunne Naturvernforbundet tilby prøvekjøring av el-sykkel og BAS hadde laga drive-in bar for syklistar. På Klosteret ble det servert eplekake og fleire politikarar var invitert til å få eit epletre av kunstnar Anne Knutsen.

**Laurdag den 19.09** var det «bilfri dag» og delar av Kong Oscars gate var stengt slik at gata og Vågsbunnen fritt kunne nyttast av gåande og syklande mellom kl 11 - 15. Dagen var annonsert som eit familiearrangement, og fleire aktivitetar var plassert rundt i området. Dei to hoppeslotta var særskilt populære, og mange barn fullførte aktivitetsløypa med 5 poster der ungane mellom anna fekk testa sykkelferdighetane sine. Naturvernforbundet baud på test av el-syklar, og Folkelig oppmoda folk til å delta i gategym. I tillegg var det mogeleg å trenre på spinning-syklar og helse på Snurre Sprett. Dagen starta med litt gråvær, men dette kom seg utover dagen. Bilfri dag fall saman med sentrumsforeninga sin byLØRDAG, så det var mange folk som tok turen til sentrum denne dagen.

**Søndag 20.09** vart folk oppfordra til gå- eller sykkeltur i nabolaget, og gjerne med fokus på gløymde snarvegar. På Instagram kunne ein dele sine beste sykkelturar og vere med på trekning av eit gavekort på kr 5000,-.

**Måndag 21.09** var samkøyring på dagsordenen. Rundt lunsj-tider var det stand i kantina på fylkeshuset. Her deltok mellom anna Triona og Statens vegvesen for å informere om appen «HentMeg» som enkelt koplar sjåfør og passasjer.

Om ettermiddagen var det samkøyringspiknik på Danmarks plass, hurtigladestasjonen. Plassen skal bli eit «grønt mobilpunkt» med eigen møteplass for samkøyrarar. Fleire aktørar deltok, mellom anna bildeleringen, Carma, HentMeg og BKK. Byråd Henning Warloe tok også turen innom, men få forbipasserande fann vegen til arrangementet.

## Erfaringar og vegen vidare

Med utgangspunkt i punkta under vert styringsgruppa oppmoda om å gje ein tilbakemelding rundt forventningar og forbetningspotensial knytt til EMU i Bergen.

### Program for veka

Årets slagord har vore «Velg rett reisemix» og gjennom veka har målet vore å vise dei ulike transportformar ein kan velje (sykkel/gange, kollektiv og samkøyring). I hovudsak har veka vore delt inn i ulike temadager, men prosjektgruppa har prøvd å få ITS og bruk av digitale løysingar meir synleggjort i år. ITS og delekultur blir stadig meir aktuelt, og slike tema ein kan gjere enda meir ut av i 2016. Det kan og vere andre lokale satsingsområder som kan profilerast i Mobilitetsveka, og prosjektgruppa vil gjerne ha innspel om tema eller hendingar som kan vere aktuelle å sette på dagsorden i EMU.

### Mobilitetsveka og Parking Day

Markeringa av «Parking Day» hadde sitt utspring i San Francisco i 2005 og har no spreidd seg til store delar av verden. Dagen er lagt 3. fredag i september, og tilfeldigvis fell dette saman med Mobilitetsveka. I år som i fjar brukte prosjektgruppa tid og ressursar på å få private, lag og foreiningar med å markere dagen i Bergen. Vi tek på oss ansvaret med å sette av parkeringsplasser og rulle ut gras. Dette krev ein del ressursar, men dei som deltek er takknemlig for at offentlege instansar tek på seg arbeidet med å legge

forholda til rette. Samstundes forsvinn noko av det «spontane aktivistpreget» rundt markeringa, der organisasjonar og personar puttar pengar på ein parkeringsplass og gjer det om til eit hyggeleg byrom. Det å markere «Parking Day» er noko alle interesserte kan delta på ut frå eige initiativ, og det må formidlast. Av fleire årsaker bør det diskuterast om Mobilitetsveka skal vere så tungt inne i «Park(ing) Day» i framtida.

### **Bilfri dag**

Å stenge av gateareal har viste seg å vere ein krevjande prosess, og det er viktig å vere tidleg ute med å lokalisere kva område som skal stengast. Utfordringa for prosjektgruppa er at vi ikkje har tilstrekkeleg oversikt over kva som skjer på gateplan i Bergen. Det kjem heller ingen signaler og innspel på områder som kan vere egna for stenging. I år foreslo vi å stenge av Vestre Torggate og deler av Neumannsgate, og i dialog med Trafikketaten jobba vi med det som utgangspunkt. Ein månad før arrangementet måtte det foretas endringar grunna gravearbeid i området. Vi valte då å stenge av Vågsbunnen, som vi hadde erfaringar frå etter stenginga i 2014. Dette er eit større området som fungerer bra for eit slikt arrangement, så løysinga fungerte greitt. Samstundes viser dette eit behov for å løfte diskusjonen om kva områder som bør stengast i god tid, og det er ønskjeleg med ein sterkare forankring av valet. Med tanke på målsettinga om at byane bør forplikte seg til å gjennomføre minst eit permanent tiltak, kan til dømes «bilfri dag» nyttast som ein «test» av områder som vurderast stengt.

Korleis prosessen kring «Bilfri dag» kan gjerast mest mogleg smidig bør og diskuterast. Mobilitetsveka er eit samarbeidsprosjekt, og difor bør fagfolk med best kjennskap til prosedyrar og krav kunne styre noko av dette arbeidet. Det har utvikla seg ein praksis der prosjektgruppa må sende ein del søknader, framstille skiltplaner og tinge skilt. Det er en del formalitetar som skal på plass, og arbeidet rundt stenginga kan bli noko byråkratisk. Her kan det vere ein fordel om dei som sitt på løysingane tek eit større ansvar.

### **Kva vil vi med Mobilitetsveka?**

EMU er ein årleg kampanje med bærekraftige reiser i fokus, men veka handlar og om by-miljø og byutvikling. Mykje av arbeidet dreier seg om marknadsføring gjennom medieoppslag, ulike arrangement og stands, samt opne møter med foredrag. Det handlar om å kommunikasjon og synleggjering av ulike reisealternativ, men EMU er også ein oppfordring retta mot lokale myndigheter til permanent omdisponering av gateareal. EMU har eit potensial som kan utnyttast i enda større grad om ønskjeleg.

Prosjektgruppa har dei siste åra vore opptekne av å få byens innbyggjarar til å aktivt ta del i markeringane og få eit eigarskap til veka. Dette bør det jobbast vidare med slik at «folk flest» kan få eit forhold til veka og tenke over sine reisevaner. For å lukkast med å auke bevistgjeringa rundt EMU er det naudsynt engasjement og vilje til å sette Mobilitetsveka på dagsorden blant involverte offentlege parter. EMU er i liten grad synleggjort i aktuelle strategi- og plandokument, og generelt er det lite diskusjon om gjennomføringa av veka her i Bergen. For prosjektgruppa vil det vere ein fordel med tydelegare signal om korleis EMU bør markerast her i byen.

I april 2015 ble det sendt eit notat til styringsgruppa i Bergensprogrammet som omhandla framtidig ansvar for markering av EMU. Det er byane som har eit «eigarskap» til EMU. Det er dei som sender søknad om deltaking og utformer charteravtalen som vert underteikna ordførar. Difor bør Bergen kommune ha regien på korleis byen skal markere veka. Samstundes vil både SVV og HFK/Skyss vere viktige samarbeidspartnarar.

